

N

**Nordre**

Haramsnytt AS  
Postboks 53 – 6282 BRATTVÅG  
Org. nr: 979 647 972  
Telefon: 70 20 84 80  
Mobiltelefon: 915 24 236  
Telefaks: 70 20 84 90  
Trykk: Polaris Trykk Ålesund AS

**E-post:**  
redaksjon@nordrenett.no  
annonser@nordrenett.no  
www.nordrenett.no

**Kontor Brattvåg:**  
Skjelt-Ole Bakken 26, Brattvåg  
Måndag-fredag: 08.00-16.00

**Abonnementspriser:**  
Komplett, heilår: kr 1500,-  
Digital, heilår: kr 1300,-  
Komplett, måned: kr 185,-

**Annonsefrist:**  
tysdag før kl. 12.00

**REDAKTØR**  
Hilde Beate Ellingsæter  
Tlf. 977 74 712  
E-post: hilde@nordrenett.no

**JOURNALIST**  
Magne J. Krumsvik  
Tlf. 454 97 116  
E-post: magne@nordrenett.no

**JOURNALIST**  
Peder Skjelten  
Tlf. 993 97 228  
E-post: peder@nordrenett.no

**JOURNALIST (frilans)**  
Hjerdis Kristine Skaar  
Tlf. 911 90 813  
E-post: hjerdis@nordrenett.no

**JOURNALIST (frilans)**  
Rolf Hansen  
Tlf. 924 78 303  
E-post: rolf@nordrenett.no

**ØKONOMIKONSULENT**  
Oddhild Hellandvik Sandøy  
Tlf. 948 18 973  
E-post: post@nordrenett.no

**DAGLEG LEIAR, BLADSETJAR  
OG MARKNADSLIAR**  
Åshild Fjørtoft  
Tlf. 468 37 149  
E-post: aashild@nordrenett.no



Nordre har forpliktet seg til å følge Redaktørplakaten. Plakaten seier mellom anna: «Ein redaktør skal alltid ha dei ideelle måla til dei frie media for auge. Redaktøren skal verne om ytringsfri- domen og etter beste evne arbeide for det som etter hans/hennar mening gagnar samfunnet. Gjennom sitt medium skal redaktøren fremje ei sakleg og fri informasjons- og opinionsformidling. Redaktøren skal leggje vekt på at det i journalistikken står klart for mottakaren kva som er reportasje og formidling av informasjon og fakta, og kva som er mediet sine eigne meiningar og vurderingar.»



Nordre arbeider etter reglane for god presseskikk i Ver varsam-plakaten. Meiner du at du er råka av urettmessig avisomtale, oppmodar vi deg om å ta kontakt med redaktøren.

Pressens Faglige Utvalg (PFU) er eit klageorgan oppnemnd av Norsk Presseforbund. Utvalet handsamar klager mot pressa i presseetiske spørsmål.  
Adresse: PFU, Postboks 46 Sentrum, 0101 OSLO  
Telefon: 22 40 50 40,  
E-post: pfu@presse.no



**GULL** Ein stolt innsamlingskomité for Haramsrossen som mottok gullbøsse for beste skule under årets innsamlingsaksjon i Krafttak mot kreft. F.v.: Ranja Ræstad, aksjonsleiar Petter Spolèn i Krafttak mot kreft, Ragnhild Kolseth og Sunniva Jensenet. Begge foto: Hilde Beate Ellingsæter

# Haramsrossen samla inn mest av alle til Kreftforeningen

Gjennom innsamlingsaksjonen Krafttak mot kreft har russen ved Haram vidaregåande skule i år samla inn kroner 147 000. Dermed vart dei beste skule i landet og fekk overrekk gullbøsse av Kreftforeningen.

Russane hadde inga aning om kva som skulle skje då dei hadde fått beskjed om å møte opp i kantina sist torsdag til gitt klokkeslett.

Overraskinga var derfor stor då rektor Jan Magne Helland gjekk på scena og introduserte aksjonsleiar i Krafttak mot kreft, Petter Spolèn, frå Kreftforeningen.

– Eg har vore så heldig å ha eit lite samarbeid, via via, med norges mest utskjelte ungdomsgruppe; russen, og mellom anna russen her på Haram vidaregåande skule, opna Spolèn og forklarte vidare at Kreftforeningen kvart år delar ut ei gullbøsse, som ein må tilfredsstillte gitte kriteriar for å vere med i konkurransen om. Gullbøssa blir delt ut til den skulen som har best score på tre måleparameter, som er prosentvis deltaking, gjennomsnitt inntekt på bøsse- ne, og kunstnarisk fridom i innsats og originalitet i inntektsarbeidet og medieoppslag.

– I år har de på ein eksepsjonell måte tilfredsstilt desse krava, det var god deltaking, men de har utvist ein eksepsjonell innsats og eit fantastisk snitt-

resultat på bøssene. Den eksepsjonelle innsatsen er at de bad om å få gå med bøssene over fleire dagar for å rekke over alle husa i Haram, sa Spolèn då han overrekte gullbøssa, til stor applaus frå både russ og andre elevar og lærarar som var til stades.

**Best snitt i landet**

Totalt vart det samla inn kroner 147 000 og 3 600 i snitt per bøsse av russen i Haram. Til samanlikning var landsgjennomsnittet per bøsse omlag 1300 kroner.

– De har høgast snitt i heile landet, det er ingen skular eller komitear som har høgare snitt enn dette, og vi snakkar om godt over 500 komitear i alle landets fylke. Ei kjempe-takk til dei som var med å gå rundt med bøsser, sa Spolèn då han overrekte gullbøssa til komitemedlemmane.

**Jobba hardt**

– Dette var veldig gøy. Vi har jobba veldig hardt for dette og prøvd å dekke heile området vårt. Innsamlinga til Kreftforeningen er viktig for oss fordi det rammar veldig mange. Ved å samle inn pengar kan vi kanskje vere med å gjere ein forskjell, seier Ragnhild Kolseth.

– Vi hadde eit mål om å slå skulerekorden. Vi fekk ein oversikt som viser kor mykje som har blitt tjent inn, og då ville vi slå fjoråret, fortel Ranja Ræstad.

**Årleg aksjon**

Krafttak mot kreft er ein årleg



**STOLTE** Petter Spolèn frå Kreftforeningen, Hilde Kristin Aasgaarden ved Haram vgs som er primus motor i innsamlingane og som har eit overordna ansvar i forhold til å organisere dette, og rektor Jan Magne Helland.

aksjon der ein mobiliserer nokre og tjue tusen bøsseberarar til å besøke folk, og be om pengar til kreftsaka. Haram vidaregåande skule har delteke i denne aksjonen i 12 år, og i løpet av dei åra samla inn totalt kroner 1,3 millionar.

– Kva betyr denne innsamlinga frå russen for Kreftforeninga?

– Sidan starten i 2006 har vi samla inn 340 millionar kroner. Alle dei pengane har gått til forskning og ytterlegare tiltak innanfor kreftsaka. Her snakkar vi om ein og ein halv TV-aksjon, så det er utruleg viktig. Kreftforeningen får alle sine gaver i form av innsamla midlar, vi har ikkje noko statsstøtte, så dette er rett og slett heilt livsviktig for at vi kan vere ein så stor bidragsytar for kreftsaka, seier Spolèn.

**Treff mange**

Rektor ved Haram vidaregåande skule, Jan Magne Helland, synest også dette var ei kjekk utmerking.

– Dette med kreftsaka treff veldig mange. Alle har nokon i familien eller nokon dei kjenner som er ramma av kreft, så det er ei sak det er lett å samle inn til og lett å motivere til, seier Helland som opplever stort engasjement blant russen når det gjeld innsamling til Kreftsaka.

– Det er ein viss konkurranse i innsamlinga, der dei prøvar å overgå dei som samla inn året før. Hadde ikkje motivasjonen vore så stor, så hadde dei ikkje klart å gjennomføre dette slik dei har gjort, seier Helland.

**HILDE BEATE ELLINGSÆTER**  
hilde@nordrenett.no